

## **Kvalifiseringsprogram**

I kvalifiseringsprogrammet får du opplæring, arbeidstrening og oppfølging for å kome deg i arbeid.

### **Kva er eit kvalifiseringsprogram?**

Kvalifiseringsprogrammet er eit tilbod til deg som ynskjer å kome i arbeid eller aktivitet, men som treng noko tilpasning og tilrettelegging. Kvalifiseringsprogrammet er eit tilbod til personar som treng og ønskjer tett oppfølging. Personar som har hatt sosialstønad som hovudinntekt i lang tid, og personar som ikkje kan dra nytte av andre ordningar er aktuelle for Kvalifiseringsprogrammet.

### **Kven kan få tilbodet?**

- Du er i yrkesaktiv alder (19 – 67 år)
- Du har vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne
- Du har begrensa livsopphald, og mottek ikkje andre trygdeytingar/tiltak
- Du ynskjer å kome i arbeid og aktivitet

### **Korleis få tilbodet?**

Ta kontakt med ditt Nav kontor for råd og rettleiing, og evt hjelp til søknad viss programmet er aktuelt for deg.

### **Kva får du tilbod om?**

Vi byrjar med ei samtale der du og din rettleiar saman finn ut kva for hjelp du treng for å kome i arbeid. Saman utarbeider vi eit program som skal innehalde arbeidsretta aktivitetar, opplæringsaktivitetar samt individuell oppfølging og rettleiing. Du får ansvar for å følgje opp planen saman med rettleiar frå Nav kontoret.

Programmet kan innehalde tiltak frå kommune, fylkeskommune, Nav, frivillige organisasjonar og private bedrifter.

Kvalifiseringsprogrammet skal vere heilårig og på full tid. Det kan gjevast for ein periode på inntil eitt år. Etter ei ny vurdering kan programmet forlengast med eitt år til, og i særlege tilfelle endå lenger.

## **Kva er kvalifiseringsstønad?**

- Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet har rett til kvalifiseringsstønad.
- Stønaden tilsvarar inntil to gonger Folketrygda sitt grunnbeløp.
- For deltakarar under 25 år er stønaden 2/3 av full stønad.
- Det vert gjeve barnetillegg per dag, for 22 dagar per månad.
- Ein må betale skatt av stønaden
- Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet har rett til bustønad frå Husbanken.

## **Kven møter du?**

Du møter ein av rettleiiarane på Nav